

Noreg er fritt.

Noreg er fritt!

Raudt lyser flagget og blått og kvitt.

Vitnar frå stongi på gamall vis::

Kvorven er trældomens snø og is.

Atter er heimlandet ditt og mitt.

Noreg er fritt.

Noreg er fritt!

Skogane susar det langt og blidt.

Blomar i engjer og bjørker i li

smiler og vinkar: Vår heimjord er fri!

Havbåror brusar det langt og vidt:

Noreg er fritt!

Noreg er fritt!

Gud gjorde under mot folket mitt.

Hørde dei bøner som mange bad,

fridom og fred han i nåde gav.

Fienden laut leggje ned våpnet sitt.

Noreg vart fritt.